




## Årsmelding 2010

År 2010 var det femte driftsåret til Aardalens Venner.

### Medlemmar

Medlemsmassen ser ut til å ha stabilisert seg rundt 60 medlemmar. Som tidlegare år er det vanskeleg å engasjere så mange som vi kunne ynskje. Vi konkurrerer med mange andre organisasjonar med «gode» føremål i eit relativt lite samfunn, så vi må kanskje vere nøgde med dei trufaste medlemane vi har. Uansett vil medlemspengar bli ei marginal inntektskjelde for vennelaget.



### Styret i Aardalens Venner

Aardalens Venner hadde i 2010 uendra styre i høve til 2009:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Styret har hatt berre tre styremøter, ein naturleg konsekvens av at aktiviteten har vore relativt liten siste året.

### Aktivitetar

Aktivitetane har også i år vore prega av at vi ikkje har hatt økonomi til å gjere større reparasjons- eller vedlikehaldsarbeid på bygningane.

Til saman tre prosjekt har vorte prioriterte i 2010:

#### 1. Skorsteinspipa

Då taket vart reparert og omtekt i 2008, vart den dårlege delen av skorsteinspipa riven ned til loftshøgda.

I år er skorsteinspipa endeleg gjort ferdig. Det er mange personar som har vore involverte i dette. Fyrst vart det teke hol i taket, så vart pipa murt opp. Ein av murarane som har vore engasjert på

klosteret gjorde murarbeidet. Deretter vart taket laga til og blykrage lagt inn, før pipa kunne pusast og slemmast.



#### 2. Tunet

Det andre prosjektet var tunet. Som nokre kanskje huskar var muren på tunet utrasa, jf. bilete nedanfor.



Alt i fjor var det starta gravearbeid for å gje plass til ny bakkemur. Nokre store og jordfaste steinar

gjorde at arbeidet tok tid. Men i løpet av hausten 2010 har vi heldigvis fått lagt opp det meste av det som var utrasa. Faktisk har muren vorte betre enn den som var tidlegare.



Endå står det att litt av eine hjørnet, og elles å lage ei fin og naturleg avslutning mot tilstøytande terreng. Elles har vi planer om å senke tunet litt og hellelegge det på nytt. Det er også nødvendig å reparere litt på det som stod igjen av muren (begge endane).

### 3. Skjøtsel / slått

Nokre av teigane i Årdalen har i år vorte slegne på gamlemåten med langorv og stutturv, og gras set vart tørka / kverva på marka. Dette er gjort for å få tilbake opprinneleg vegetasjon på slåtte-teigane (frøet dryssar av), og på sikt å få vekk einstapen som krev mykje plass i dag.

Høyet skal fjernast etter at det er tørka, og deretter brennast.

### Nasjonale kulturlandskap

Som kjent er området Hoddevik - Liset utpeika som eitt av 20 viktige kulturlandskap i Norge. Både Årdalen og Rydjajorda ligg innanfor dette området.

I august var Aardalens Venner v/ Jan invitert til møte i Leikanger om dei nasjonale kulturlandskapa. Dei fleste prosjekta som får offentlege tilskot er gardsbruk som er i dagleg drift, så Årdalen er i så måte ikkje typisk. På sikt vil det truleg bli eit hundretals nasjonale kulturlandskap.

### Søknad til Norsk Kulturminnefond

Aardalens Venner vart sterkt oppmoda av Fylkesmannen om å søkje om midlar frå Norsk Kulturminnefond. Vi hadde fått gjort ei fagleg vurdering (av Erlend Gjelsvik i Nedre Jølster Bilelag) på kva som bør gjerast med bygningane i Årdalen, og i kva rekkefylgje. I søknaden konsentrerte vi oss om å få støtte til å setje i stand våningshuset, men søknaden vart dessverre ikkje imøtekommen.

### Skjøtselsavtale

Slåttearbeid og anna arbeid i Årdalen skjer m.a. med bakgrunn i den status som nasjonale kulturlandskap har fått. Skjøtselsplanen som Ingvild Austad og Anne Lise Koller har utarbeidd, ligg til grunn for den

skjøtselsavtala Aardalens Venner no har inngått med Fylkesmannen.

Avtala sikrar oss godtgjersle for utført arbeid etter avtalte satsar. Det vert lagt opp til at Fylkesmannen skal ha ei årleg synfaring i Årdalen for oppfylgjing og rettleiing.

### Dugnad

Det er forsøkt å holde oversikt over tal dugnadstimar siste året. Sidan gjesteboka vart lagt ut i Årdalen, har det vore litt enklare å ha kontroll med dette. Det er viktig å loggføre dugnadstimane, fordi godtgjersle blir utbetalt etter dokumenterte arbeidstimar.

For 2010 er det registrert totalt 251 timar, fordelt slik:

Arbeid på tunet	42,5 timar
Opprensing i elva	10,0 timar
Teigslått og skjøtsel	104,5 timar
Skorstein, rydding	94,0 timar

### Friluftsgudsteneste

For tredje året på rad vart det 29. august halde friluftsgudsteneste i Årdalen. Ei «gråsteinselle» tente som alterbord, og sitjeplassar for 20 - 25 personar var tillaga i hagen. Etter preika vart det servert kaffi, kringler og grilla pølser sponsa av Coop Prix i Selje.

### Kulturmidlar

I 2010 fekk Aardalens Venner kr 1.000,- i kulturmidlar frå Selje kommune.

### Økonomi

Økonomien i laget er akseptabel med ca. kr 27.800,- på konto, men likevel for knapp til å setje i gong arbeid på våningshuset. Aardalens Venner har eit visst håp om å få tildelt ekstraordinære SMIL-midlar i 2011. Når storleiken på dette blir kjent, kan vi vurdere oppstart av arbeid på våningshuset (setje inn «originale» vindauge, ordne kledning og male).

### Vegen vidare

Det mange ting som kan gjerast i Årdalen (og på Rydjajorda) også utan særleg bruk av pengar. Men det krev god organisering og helst fleire dugnadshender for å få dette til. Som eksempel kan nemnast enkle bygningar som kan gjenreisast (der taket har brote saman), det er murar der steinar har glidd ut, elva må renskast opp osv. Det er ein viktig kulturarv som vil forfalle om vi ikkje stiller opp.

### Heimesida

Vi minner om heimesida - takk til Inge Bakke for all hjelp med denne.

Selje, 27. februar 2011

For styret i  
Aardalens Venner

*Jan Hammersvik*  
leiar

